



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vår ref.

16/245-5/ OLH  
16/2585

Dykkar ref.

Arkiv

K1 - 103

Dato:

15.03.2016

## Inntektssystemet - Fråsegn frå Fjaler kommune

1.

Fjaler kommune føreset at endring i kostnadsnøklar for kriteriet PU over 16 år, blir kompensert med redusert innslagspunkt under finansieringsordninga for ressurskrevjande tenestar tilsvarande kr 400.000,- pr brukar. Det blir vist til at vesentleg andel av mottakarane av ressurskrevjande tenestar er psykisk utviklingshemma og at kommunane blir kompensert gjennom denne ordninga. I Fjaler er ein liten del av mottakarane av ressurskrevjande tenestar psykisk utviklingshemma og ein vil tape på endring av kriteriet. Fjaler har eit utgiftsbehov på 346% og har ei meirutgift samanlikna med snittet på kr 3-4 mill som ikkje blir dekkja av kompensasjonsordninga eller skjønnsmidlar.

2. Fjaler kommune er kritisk til at kriteria som skal kompensere for meirutgifter ved lange reiseavstander og stort areal er vekta ned i det nye inntektssystemet. Det vert vanskelegare for kommunar som Fjaler å sikre gode og likeverdige tenestar i dei grendene som ligg lengst frå sentrum.
3. Fjaler kommune støttar ei omlegging av inntektssystemet i ei retning der ein i større grad enn i dag skil mellom frivillege og ufrivillege smådriftsulempar gjennom å innføre eit strukturkriterium.

Fjaler kommune støttar derimot ikkje alternativ 3 (25,4 km), der Fjaler taper kr 1,2 mill fordi enn i motsetnad til intensjonen om «frivillig liten» kan om det ikkje blir gjennomført kommunesamanslåing blir ufrivillig - «frivillig liten».

4. Fjaler kommune støttar ei omlegging av småkommunetilskotet slik at det i større grad blir gradert etter kva distriktpolitiske utfordringar dei minste kommunane har, men grunna usikkerheit knytta til konsekvensane av forslaget meiner vi at dette ikkje kan gjennomførast no.
5. Innføring av selskapsskatt som ei kommunal inntekt frå 1.1.17 bør utsetjast til ein har betre (forskningsbasert) kunnskap om det er ein samanheng mellom selskapsskatt og kommunane si tilrettelegging for næringsutvikling.
6. Skatteandelen av kommunane sine inntekter må ikkje aukast, inntektsutjamninga må ikkje svekkast og inntektsgarantiordninga (INGAR) må vidareførast.

Med helsing

Ola Hovland  
rådmann

Direkte tlf: 57738055